



Arkivnr: 2015/890-6

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Erlend Hofstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		20.08.2015
Fylkesutvalet		27.08.2015

Forslag om freding av Forum kino i Bergen. Høyringsfråsegn

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd forslag til freding av Forum kino, Fjøsangerveien 28, Bergen kommune. I fredingssaker etter kulturminnelova er det Kultur- og idrettsavdelinga som førebur saka og Riksantikvaren som gjer vedtak, medan fylkeskommunens politiske organ i denne samanhengen er ein høyringsinstans.

Forum kino er eit representativt og godt bevart døme på ein storkino frå midten av 1900-talet og eit av dei fremste døma på monumental art deco-prega arkitektur i Noreg. Eksteriør og interiør utgjer ein gjennomarbeidd arkitektonisk heilskap, og bygningen høyrer til ei hovudretning i mellomkrigstidas internasjonale kinoarkitektur. Freding av Forum kino vil bidra til ei meir representativ fredingsliste, i samsvar med fredingsstrategien til Riksantikvaren. Fredinga skal legge til rette for vidare bruk av kinobygningen som scenelokale.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Forum kino. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane knytt til kinobygningen og samstundes leggje til rette for vidare bruk.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Forum kino. Fredingsforslag
- 2 Forum kino. Bygningshistorisk dokumentasjon
- 3 Forum kino. Fotodokumentasjon

Fylkesrådmannen, 05.08.2015

Bakgrunn

Forum kino vart reist av Bergen kommunale kinematografer og var eit ledd i utbygginga av eit nytt sentrum for dei sørlege bydelane i Bergen. Bygginga tok til i 1939, men grunna okkupasjonen vart kinoen først innvigd i 1946. Forum var i bruk som kino til 2005, og året etter selt til private eigararar. Kinosalen har sidan m.a. vore nytta til TV-sendingar og ulike sceniske oppsettingar.

Kinobygningen er teikna av arkitekt Ole Landmark, ein av dei fremste arkitektane i Bergen i mellomkrigstida. Utforminga tek utgangspunkt i den særprega fasongen på tomta, ved at kinosalen har fått ei vifteform som følgjer sidene i den trekanta tomta, og ytst i spissen ligg inngangs/billethallen og vestibulen. Desse ulike romma kjem til syne i eksteriøret som klart markerte, geometriske volum. Formspråket kan karakteriserast som art deco, med hovudformar prega av funksjonalismen, men med eit meir klassisk preg både i den monumentale, symmetriske volumoppbygginga og i detaljane. Innvendig utgjer publikumsinteriøra ein samanhengande romkomposisjon, til dels med forsegjort materialbruk. Både ut- og innvendig er kinobygningen i hovudtrekka svært lite endra.

Hordaland fylkeskommune varsla oppstart av fredingssak for Forum kino i januar 2000. Den direkte grunnen var planane til Bergen kino om å leggje ned kinodrifta og selje kinoen. Fylkeskommunen frykta at dette kunne føra til at autentisiteten og vesentlege arkitektoniske og kulturhistoriske verdiar gjekk tapt, særleg i interiøret. Det tok ei tid før salet vart realisert, men då det var nært føreståande vart kinoen mellombels freida 19. januar 2006 av Bergen kommune ved Byantikvaren, som då var kulturminnemynde.

Det er ein føresetnad at eit mellombels fredingsvedtak vert følgt opp av ei ordinær fredingssak. Fylkeskommunen melde ny oppstart av fredingssak i 2009 og har utarbeidd det forslaget til fredingsvedtak som no ligg føre. I samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 vert det sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn. Saman med høyringsmerknadene vert forslaget så lagt fram for kommunestyret, før det – med eventuelle justeringar på bakgrunn av høyringane – vert sendt over til Riksantikvaren, som fattar fredingsvedtaket. I fredingssaker er det soleis Kultur- og idrettsavdelinga som førebur saka for Riksantikvaren, medan fylkeskommunens politiske organ i denne samanhengen er ein høyringsinstans.

Vurdering

Kinolokalet utvikla seg i første del av 1900-talet som ein ny, viktig kulturell og sosial arena og som ein ny bygningstype. Kinobygningane kunne få ein monumental utforming, ofte med visse arkitektoniske særtrekk som hang saman med både funksjonelle krav og eit ønske om å gi eit meir symbolsk uttrykk for kinoens eigenart. Forum kino er eit framståande døme på dette; eit heilstøypt arkitektonisk verk der fasongen på tomta, funksjonelle krav og ein monumental form er nært forbunde med kvarandre. Saman med eksteriøret utgjer dei viktige publikumsromma ein arkitektonisk heilskap, gjennomarbeidd til minste detalj. Både sjølve bygningstypen og det arkitektoniske formspråket gjer Forum til del av ei hovudretning i den internasjonale kinoarkitekturen i mellomkrigstida. Eit så tydeleg art deco-preg må reknast for meir sjeldsynt i norsk samanheng. Forum kino har høg miljøverdi som ein hjørnesten i det miljøet den ligg i. Forum kino er godt bevart og den einaste av dei eldre kinosalane i Bergen som er intakt. Hordaland fylkeskommune konkluderer difor med at Forum kino har nasjonal kulturminneverdi, og den bør difor sikrast gjennom freding etter kulturminnelova.

Freding etter kulturminnelova er det sterkeste verkemiddelet kulturminneforvaltinga har for å sikra at nasjonalt viktige kulturminne vert tekne vare på for ettertida. I Stortingsmelding nr. 16 (2004 – 2005) *Leve med kulturminner* er det slått fast som eit strategisk mål for kulturminnepolitikken at «et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig bredde skal gis varig vern gjennom fredning». Forum kino representerer ein bygningstype, tidsperiode og arkitektonisk retning som er underrepresentert mellom dei kulturminna som er freida. Fredinga vil difor bidra til ei meir representativ fredingsliste, noko som er eit hovudperspektiv i den fredingsstrategien som Riksantikvaren nyleg har gjort ferdig.

Under arbeidet med fredingsforslaget for Forum kino har fylkeskommunen vore i dialog med eigarane av bygningen og med moglege nye leigetakrar og søkt å koma deira synspunkt i møte. Generelt er det ein

føresetnad for eit godt og berekraftig vern at kulturminna er i bruk. Som drifta dei seinare åra har vist, har Forum kino bruksverdi også utover kinofunksjonen. Fylkeskommunen har vore oppteken av å leggje til rette for vidare bruk som scenelokale med meir variert bruk, forutan eventuell ny kinodrift. I utforminga av fredingsforslaget – både omfanget av fredinga og føreseggnene – er det difor teken utgangspunkt i kva som er naudsynt for å sikre dei vesentlege nasjonale kulturminneverdiane, samstundes som det er opna for tilpassingar som vil lette ein ny bruk. Fredinga innvendes er avgrensa til sjølve publikumsromma: kinosalen, vestibylen, billetthallen samt utgangane frå kinosalen. I kinosalen kan element som er naudsynte for bruk til teaterframSYNINGAR og liknande tillatast, føresett at dei er reversible og tilpassa opplevinga av interiøret. Bygningen har ganske få og små rom utanom kinosalen og inngangspartiet/vestibylen, og meir areal kan vere ein fordel for drift av bygningen til anna enn eit rent kinoformål. Difor er det opna for påbygg på baksida mot gardsrommet, som ikkje i same grad som gatefasadane er del av den heilskaplege art deco-arkitekturen. I tillegg kjem den ålmenne moglegheita i freda kulturminne til å gi dispensasjon for mindre vesentlege inngrep, med den løysingsorienterte dispensasjonspraksisen som vert føreskrive i rundskriv frå Riksantikvaren («Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)»).